




KI-notat nr.: 11/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Haukaa Kraft AS/Haukå Kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Flora	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Eirik Bjerke Thorsen	Sign.: 
Dato:	18 FEB 2009	
Vår ref.:	NVE 200706498-21	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Haukaa Kraft AS – Søknad om tillatelse til å bygge Haukå kraftverk i Flora kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	5
Søkers tilleggsinformasjon og kommentar til høringsuttalelsene	23
Justerte planer	28
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	28
NVEs vurdering	34
NVEs konklusjon	37

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av Haukå kraftverk i Flora kommune i Sogn og Fjordane. Søknaden behandles i henhold til reglene i kapittel 3 i samme lov. Det er søkt om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendige høyspentanlegg. Kraftstasjonen skal tilknyttes eksisterende linjenett med luftlinje, som vil få en lengde på 1,5 km.

Det søkes om bygging av et småkraftverk med to turbiner som vil utnytte et høyt og et lavt fall med tilgrensende nedbørfelt. Det "høye fallet" vil utnytte fallet fra utløpet av Tjernesvatnet på kote 402 til kraftstasjon på kote 58. Tjernesvatnet skal reguleres mellom HRV på kote 403 og LRV på kote 401. Installert effekt er på 2,7 MW med en årsproduksjon på 11,2 GWh. Det er foreslått en minstevannføring i Tjerneselva på 75 l/s i sommersesongen. Rørgaten skal graves ned i hele sin lengde. Det går eksisterende vei opp til kote 220. Herfra og opp til inntaket vil det bli behov for ny anleggsvei.

Det "lave fallet" vil utnytte fallet fra utløpet av Stølstjøna på kote 162 til kraftstasjonen på kote 58. Installert effekt er på 0,23 MW med en årsproduksjon på 0,95 GWh. Det er søkt om å utnytte fallet uten slipp av minstevannføring. Rørgaten skal graves ned i hele sin lengde langs eksisterende vei.

Tiltakshaver for prosjektet er Haukaa Kraft AS, som er opprettet for å planlegge, bygge og drifte Haukå kraftverk. Det eies av grunneieren, Jens Petter Strømsnes, som innehar fallrettigheter og grunn.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag, Flora Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er negative til prosjektet. Det er særlig tekniske inngrep i landskapet i et viktig turområde og redusert vannføring i fossen Brudesløret høringspartene er kritiske til.

Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune mener tiltaket kan tillates dersom utbyggingen blir skånsom og ivaretar fossen Brudesløret som et viktig landskapselement.

NVE mener at konfliktene i dette prosjektet er knyttet til utnyttelsen av det høye fallet. Øvre del av influensområdet er en del benyttet i friluftseyemed og i nedre del ligger fossen Brudesløret, som er et viktig landskapselement i kommunen. Det er ikke registrert biologiske verdier av stor betydning verken i influensområdet for høyt eller lavt fall.

NVE mener at en utnyttelse av det høye fallet vil medføre store og varige negative konsekvenser for landskapet ettersom fossen Brudesløret, som er et viktig landskapselement i kommunen, vil få sterkt redusert vannføring. Det er bred enighet blant høringspartene om at en eventuell utbygging må ivareta fossens landskapsverdi, noe NVE mener er uforenelig med det omsøkte prosjektet. Søkers forslag til avbøtende tiltak er etter vår mening ikke tilstrekkelige.

NVE mener videre at en utnyttelse av det lave fallet i Haukå vil gi et visst positivt bidrag i form av noe økt kraftproduksjon og lokal verdiskapning. Avbøtende tiltak som minstevannføring hele året vil etter vårt syn i tilstrekkelig grad redusere skadevirkningene for landskap og livsmiljøet i og langs vassdraget på utbyggingsstrekningen.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelser finner NVE at fordelene ved utnyttelse av det høye fallet i Haukå kraftverk ikke overstiger skadene og ulempene for allmenne og private interesser som blir berørt. Kriteriene i § 25 i vannressursloven er derfor ikke oppfylt og konsesjon for etablering av Haukå kraftverk med utnyttelse av høyt fall kan dermed ikke gis.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelser mener NVE at fordelene og nytten ved utnyttelse av det lave fallet overstiger skaden for private og allmenne interesser som blir berørt slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir derfor Haukaa Kraft AS tillatelse etter § 8 i vannressursloven til å bygge Haukå kraftverk med utnyttelse av det lave fallet i Stølsbekken. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Haukaa Kraft AS, datert 27.26.2007:

"Haukaa Kraft AS ønsker å utnytte deler av fallet i Tjørneselva og Stølsbekken til kraftproduksjon og søker herved om tillatelse til følgende utbygging:

1. etter lov av 24. november 2000 om vassdrag og grunnvann om tillatelse til:

- *Bygging av Haukå kraftverk hovedsakelig i samsvar med framlagte planer*
- *Regulering av Gulskardlivatnet mellom LRV på kote 407,5 og HRV på kote 411,5*
- *Regulering av Tjørnesvatnet mellom LRV på kote 401,0 og HRV på kote 403,0*
- *Overføring av avløpet fra øvre del av Stølsbekken, 0,20 km², til Tjørnesvatnet*

2. Etter lov av 29. juni 1990, nr 50 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi med mer om tillatelse til:

- *Å installere to generatorer på henholdsvis 2,7 og 0,23 MW for fallene fra Tjønsvatnet og Stølstjørna i samme kraftstasjon med nødvendige elektriske anlegg.*
- *Å installere nødvendig koplingsanlegg for nettilknytning.*
- *Elektrisk konsesjon for 22kV kabelforbindelse fra kraftstasjonen fram til eksisterende linje/trafostasjon.*

3. Etter lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensing med mer om tillatelse til å gjennomføre tiltaket.

Det opplyses at eieren av aksjene i Haukaa Kraft AS også eier alle fallrettighetene og innehar øvrige nødvendige rettigheter i vassdraget til å kunne gjennomføre prosjektet. "

Fra søknaden gjengir vi hoveddata for kraftverket:

		Tjerneselva inkl. overføring (Høyt fall)	Stølsbekken (Lavt fall)
DATA FOR TILSIG			
Nedbørfelt	km ²	4,1	1,7
Middelvassføring (1961 – 90)	m ³ /s	0,55	0,17
Alminnelig lavvassføring	m ³ /s	0,037	0,011
DATA FOR KRAFTVERKET			
Inntak	kote	402,0	162,0
Avløp	kote	58,0	58,0
Midlere fallhøyde, brutto	m	344,0	104,0
Midlere energiekvivalent	kWh / m ³	0,776	0,219
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,00	0,30
Slukeevne, min, ca.	m ³ /s	0,05	0,015
Rørlengde	m	1400	550
Rørdiameter	m	0,65	0,35
Installert effekt, maks	MW	2,7	0,23
Brukstid	timer	4150	4130
Magasin Tjornåsvatnet:			
	kote	402,0	
	kote	403,0	
	kote	401,0	
	mill. m ³	0,186	
Magasin Guls kardlivatnet			
	kote	410,0	
	kote	411,5	
	kote	407,5	
Magasin	mill. m ³	0,843	
Magasin Stølstjørna	mill. m ³		0,001
Kotehøyde kraftstasjon	kote	58,0	58,0
DATA FOR PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4)	GWh	4,9	0,45
Produksjon, sommer (1/5 – 30/9)	GWh	6,3	0,50
Produksjon, året	GWh	11,2	0,95
DATA FOR ØKONOMI			
Byggekostnad	mill. NOK	28,6	3,6
Utbyggingspris	NOK /kWh	2,55	3,79

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Flora kommune v/Utbyggingsutvalet har i møte 18.09.2007 fattet følgende vedtak:

- "1. Flora kommune går inn for at det vert gjeve konsesjon for å byggje ut Haukå Kraftverk.
2. Utbygginga må vere skånsom og ta omsyn til Brudesløret som fortsatt eit viktig landskapselement."

Fra saksutredningen gjengir vi følgende:

"Vurdering:

Søknaden frå Haukaa Kraft AS skil seg frå dei fleste andre småskala småkraftanlegg ved at det er søkt om reguleringsmagasin. Ein markert redusert foss (Brudesløret) og kanalisering, vassoverføring, vegbygging og to reguleringsmagasin oppe i fjellet må kunne karakteriserast som ei hard utbygging. Dei negative konsekvensane for ålmenta må vurderast opp mot føremunene av prosjektet.

Dei to vesentlege og avgjerande negative konsekvensane ved dette prosjektet er følgjande:

- Omfattande inngrep oppe i fjellet som i dag praktisk tala ikkje har tekniske inngrep*
- Markert reduksjon av ein spektakulær og velkjend foss, Brudesløret.*

Brudesløret.

Brudesløret er synleg frå rv 614 Grov - Svelgen. Det er laga rasteplass ved vegen vis a vis fossen som er eit kjent motiv frå Flora kommune. Etter ei eventuell utbygging vil denne fossen praktisk talt bli borte slik vi kjenner den i dag. Den vil kun vekse over minstevassføring (minstevassføring sleppast kun om sommaren) i periodar med stor snøsmelting og langvarig nedbør, og først når reguleringsmagasina er fylt opp. Å bevare denne fossen er eit sjølvstendig og avgjerande argument i høve ei avgjerd om utbygging.

Reguleringsmagasin

Som nemnd over inneber den omsøkte utbygginga regulering av 2 magasin, samt kanalisering for overføring av vatn. Utbygginga bryt såleis med det som har vore vanleg med slike småkraftutbyggingar og kan ikkje jamstellast med såkalla elvekraftverk som oftast vert gjennomført ved at ein tek ut ein viss del av vatnet som renn i elva og produserer kraft. Reguleringa hindrar også i stor grad at elva og fossen i flaumperiodar kan opplevast som landskapselement.

Inngrep i urørte naturområde

Utbygginga råkar også ei INON sone 2, dvs område som i dag ligg 1-3 km frå tekniske inngrep. Denne sona vert redusert med 2,5 km². INON område er ein nasjonal miljøindikator som syner den langsiktige utviklinga av arealbruk, korleis tekniske inngrep et seg stadig lenger inn i urørte naturområde. Indikatoren har kanskje mindre å seie for i kva grad den einskilde opplever å ha urørt natur rundt seg. Den er likevel viktig då ei langsiktig negativ utvikling fortel oss i kva grad arealforvaltninga er berekraftig eller ikkje. God tilgang på natur utan synlege tekniske inngrep er ein kvalitet for lokalbefolkning og reiseliv, samt ein eigenverdi.

INON områda vert delt opp i soner:

1. < 1 km frå teknisk inngrep (inngrepsnær sone)
2. 1-3 km frå teknisk inngrep
3. 3-5 km frå teknisk inngrep
4. > 5 km frå teknisk inngrep (kvalifisert villmark)

I Flora er det no ikkje kvalifisert villmark att. Berre 1,3% (9 km²) av landarealet i Flora er over 3 km frå større tekniske inngrep (sone 2). Dei inngrepsnære områda har auka med 16 km² i perioden 1988 - 2003, dvs omlag 1 km² årleg.

Ein ting er kartbasen statistikk. Landskapsrommet rundt Tjernesvatnet og Gulsårdlivatnet opplevest også som inngrepsfritt (med unnatak av ei hytte), og fjerntliggande inngrep er ikkje synleg med unnatak av mast på Hatlesethnipa.

Det går tursti frå Haukåvatnet (traktorveg til Haukåstøylen) til Haukånipa. Det går også sti mellom Grytadalsbu og Børabu gjennom området. Denne er ein del av eit større rutenett. Stiane er T merka og ut frå slitasjen å dømme mykje nytta. Stien kryssar elva mellom dei to vatna ved utløpet av Gulsårdlivatnet. Sogn og Fjordane Turlag (Melvær) karakteriserer området som eit viktig turområde.

Redusert utbygging?

Søkar uttaler i søknaden at det er uaktuelt å bygge Haukå kraftverk som fjellanlegg. Alternativ det elles kan vere snakk om er ein annan fallutnyting, eventuelt ei mindre yting som råkar elva mindre ved at meir vatn renn forbi inntaket. Dei ligg ikkje til rette for å plassere kraftstasjonen lenger opp i vassdraget slik at vassføringa på ein lengre del av elva vert som i dag.

Administrasjonen vurderer det slik at dei tekniske inngrepa oppe i fjellet er knytt til tilkomst og damanlegg for å regulere dei to vatna. Det går ikkje fram av søknaden i kor stor grad det vil gjere prosjektet ulønsamt å fjerne desse tiltaka. Imidlertid vil ei omgjerding av prosjektet til eit reint elvekraftverk med inntak noko nedanfor utløpet av Tjernesvatnet fjerne trongen for inngrep (vegar, regulering og kanalisering) oppe i dei urørde områda. Å drifte dette som eit elvekraftverk med ei merkbar minstevassføring kan også gi ei litt betre vassføring i fossen Brudesløret. Konsekvensar av utbygging vil då vere knytt til røytrasear, sjølve kraftstasjonen og redusert vassføring i Brudesløret.

Konklusjonar og tilråding

Det er stor pågang for å bygge ut denne type mindre vassdrag. Held utviklinga fram vil ein om kort tid ha anten få eller ingen upåverka elvestrengar igjen. Dette vil ha konsekvensar for landskapet totalt i kommunen, og det vanlege og trivielle naturmangfaldet knytt til slike vassdrag vil verte sjeldent. Ei berekraftig arealforvaltning vil då kunne innebære at nokre av småvassdraga vert liggande uberørt og uutbygd for framtida. Den særprega fossen Brudesløret og områda utan tekniske inngrep i dei øvre delane tilseier at dette vassdragsavsnittet bør vere ein særskild aktuell kandidat til å forbli uberørt. Rådmannen rår difor til at Flora kommune fråstår at det vert gjeve løyve til utbygging av vassdraget

Subsidiært kan ein tilrå at kraftverket vert bygd som eit reint elvekraftverk, utan kanalisering, regulering og vegbygging ovom eit inntak nedanfor utløpet av Tjernesvatnet, og med ei merkbar restvassføring som sikrar Brudesløret som landskapselement. ”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler i brev av 29.10.2007:

"

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere desse sakene i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfri naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi søknaden i høve til lakse- og innlandsfiskelova og forureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter forureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap og friluftsliv

Inngrepa knytt til bygging av Haukå kraftverk er omfattande for eit småkraftverk, og i forhold til mengde energi som vert produsert. Utbygginga medfører store naturinngrep spreitt over eit stort område. Eit av konfliktområda utbygginga fører med seg er redusert vassføring i fossen Brudesløret. Fossen ligg eksponert til mot riksveg 614 der Vegvesenet har bygd rasteplass med utsikt til fossen. Fossen er eit sentralt landskapselement ved Haukåvatnet med stor betyding for landskapskarakter og opplevingsverdi. Det er og ein mindre foss i Stølsbekken som er godt synleg frå riksvegen, sjå vedlagt foto.

Utbyggingsplanane legg opp til ei regulering av Gulskardlivatnet med fire meter og Tjernesvatnet to meter. Regulering av dei to vatna saman med stor slukeevne gjer til at vassføringa i Tjerneselva og fossen Brudesløret vil bli monaleg redusert. I utbyggingsplanane er det for Tjerneselva tenkt sleppt ei restvassføring om sommaren på 40 l/s, noko som tilsvorar alminneleg lågvassføring. Restfeltet bidreg med 22 % av naturleg vassføring. Det er ikkje tenkt sleppt restvassføring i Tjerneselva om vinteren, og for Stølsbekken er det ikkje tenkt sleppt restvassføring i det heile. I Stølsbekken er det ikkje noko restfelt før fossen.

Konsesjonssøknaden gir i liten grad grunnlag for å vurdere effektar på landskapet av ulike (tal festa) storleikar på minstevassføringa. Kor mykje vatn som må til for å gi fossane, i første rekkje Brudesløret, eit stort nok vassdekt areal eller "slør" er vasseleg å vurdere, men truleg trengst det ei restvassføring monaleg større enn alminneleg lågvassføring. I vassdrag som er viktige for landskapskarakter og opplevingsverd meiner vi at slukeevna bør vere mindre, til dømes lik middelvassføringa. Lågare slukeevne vil oppretthalde noko av den naturlege dynamikken i vassdraget. Vi meiner ei utbygging i stor grad vil påverke dei allmenne interessene knytt til opplevinga av fossen. Bortføring av vatnet i elva vil vere svært synleg, og Fylkesmannen oppfattar utbygging av ein slik "turistfoss" som Brudesløret som konfliktfylt.

Reguleringa av Gulskardlivatnet og Tjernesvatnet, og framføring av veg til Gulskardlivatnet, fører til betydelege inngrep i eit ope og sårbart fjellandskap. Landskapet kring dei to vatna framstår i dag som urørt dersom vi ser bort frå hytta ved Tjernesvatnet. Landskapet er ope utan skog og har karakter av høgfjell, sjølv om området berre ligg 400-800 m over havet. Vi meiner eit inngrep i dette opne fjellandskapet vil sette varige spor, som vanskeleg vil la seg skjule sjølv etter lang tid. Inngrep knytt til damanlegg, reguleringssoner og vegbygging vil redusere opplevingsverdien av eit urørt fjellområde og endre området sin status og karakter. Vi ser det som svært uheldig med inngrep i fjellandskap som dette og meiner at regulering av dei to vatna og vegframføring bør takast ut av planane ved ei ev. utbygging. Inngrepa medfører også reduksjon i inngrepsfrie naturområde.

Vi viser og til NVE sine "Retningslinjer for små vannkraftverk", der det står følgjande for handsaming av enkeltsaker som medfører inngrep i sårbart høgfjell:

"Følgende inngrep bør unngås:

- Inngrep i vassdrag som er del av sårbare høyfjellsområder, særlig dersom muligheten for avbøtende tiltak er begrenset.
- Inngrep som er svært synlige og som etterlater varige sår i naturen.
- Store inntakskonstruksjoner og rørgater, både nedsprenget og i dagen."

Det må byggjast ny 22 kV kraftline frå kraftstasjonen og vidare vestover til tilkoplingspunkt til eksisterande 22 kV line ved Haukå. Totalt vert strekninga på ca 1,5 km og vil i hovudsak følgje riksvegen. Det opne landskapet gjer luftspenn godt synleg og vi meiner av den grunn at lina bør gravast ned.

Fjellområdet i det aktuelle utbyggingsområdet vert først og fremst nytta til friluftsliv av lokalbefolkninga og folk frå Flora kommune, men området vert og nytta av tilreisande. Det er fleire merke turruter og turlagshytter i området, sjå vedlagt kart der turrutene er med. Hytte- og Rutenettet er ein del av Den Norske Turistforening sitt landsomfattande hytte- og rutenett. Med tanke på friluftslivsinteressene knytt til området er det svært uheldig med inngrepa knytt til regulering av vatna, vegframsføring og redusert vassføring i Brudesløret. Vi viser elles til Sogn og Fjordane Turlag sin uttale om friluftsliv og kva påverknad ei utbygging vil få for friluftslivsinteressene.

Naturmiljø, biologisk mangfald og verneområde

Det er utarbeidd ein eigen miljørapport for prosjektet. Undersøkingar av miljøverknader av små kraftverk (FoU-prosjekt i NVE), viser at dei mest utsette artsgruppene ved utbygging av småkraftverk er lav, mosar og fugleartar knytt til vassdrag. Undersøkingar har ikkje avdekkja raudlisteartar innan utbyggingsområdet. Det er sannsynleg at fossefall hekkar i tilknytning til elva. Det vil vere viktig å oppretthalde ei minstevassføring i elva av omsyn til fossefall og vasslevande insekt.

Fauna i sjølve elva/vasstrengen er ikkje undersøkt. Det bør difor vere minstevassføring i elva heile året. Det er ikkje i tråd med moderne vassdragsforvaltning å tørleggje elvestrekningar, og ein ev. konsesjon for kraftutbygging bør ikkje føre til at elvestrekningar med årsikker vassføring blir tørrelagt. Med tanke på biologisk mangfald, og verdien av fossen i landskapet, meiner vi at det bør sleppast meir vatn enn det som er foreslått dersom det gis konsesjon. Det bør fastsetjast ei restvassføring som sikrar verdiar knytt til biologisk mangfald, og fossen som eit viktig landskapselement.

Verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane ligg hjå Miljøverndepartementet, som handsamar saka fram til framlegging for vedtak i statsråd. Eit av områda som er foreslått i verneplanen er eit edellauvskogsreservat på nordsida av Haukåvatnet. Det første høringsutkastet omfatta også nedre del av Tjerneselva. Etter at det gjennom høyringa av planen kom fram ønske frå grunneigaren om ein grensereduksjon i vest, har Fylkesmannen tatt dette til følge. I innstillinga til Direktoratet for naturforvaltning har vi gått inn for at vestgrensa for vernet skal leggjast i god avstand frå Tjerneselva, slik at spørsmålet om utbygging av elva kan handsamast uavhengig av verneplan for edellauvskog. Direktoratet for naturforvaltning (DN) har sendt verneplanen vidare til Miljøverndepartementet med si tilråding, og sluttar seg i all hovudsak til tilrådinga frå Fylkesmannen. Utbyggingsplanane for Tjerneselva vil såleis ikkje kome i konflikt med framlegget til edellauvskogsreservat på nordsida av Haukåvatnet.

Inngrepsfrie naturområder (INON)

Utbygginga med regulering av Gulskardlivatnet og Tjernesvatnet vil medføre ein reduksjon av inngrepsfri sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) med 2,67 km², sjå vedlagt kart. Ei utbygging utan reguleringa av dei to vatna, med inntak ved utløp Tjernesvatnet, vil medføre ein reduksjon av inngrepsfri sone 2 på om lag 0,15 km².

Det er eit nasjonalt miljømål å sikre at igjenverande naturområde med urørt preg blir tatt vare på. Storting og regjeringar har i ei rekkje samanhengar understreka verdien av å bevare områder utan tyngre tekniske inngrep som ein del av vår nasjonale arv og identitet, friluftsliv, naturoppleving og biologisk mangfald. Det er difor uheldig at inngrepsfrie naturområde vert redusert ved ei utbygging av Haukå kraftverk. Reduksjonen i inngrepsfrie naturområder vert betydeleg redusert dersom utbygginga finn stad utan regulering av dei to vatna og bygging av veg fram til Gulskardlivatnet.

Fisk og fiske

Fiskeinteressene er i første rekkje knytt til vatna. Aurebestanden i Gulskardlivatnet og Tjernesvatnet er i dag tett med småfallen fisk. Regulering av dei to vatna vil verke negativt inn på gyteforholda for aure ved at den viktigaste elvestrekninga for rekruttering for dei to vatna, elva mellom Gulskardlivatnet og Tjernesvatnet, vil kunne få lengre periodar med svært låg vassføring. Det er tenkt sleppt ei minstevassføring på 25 l/s heile året. Avgrensing av gyteområde kan imidlertid og vere gunstig for bestanden dersom uttaket ved fiske er for lågt. Regulering av vatna vil gi noko lågare produksjon ved at dei mest produktive gruntvassområda vert turrlagde ved ei regulering. Lågare produksjon av næringsdyr vil på sikt gi lågare produksjon og kan gi dårlegare kvalitet på fisken. Større reguleringssoner vil vere visuelt skjemmaende for utøving av friluftsliv og fiske. Dersom det vert sleppt ei restvassføring som sikrar rekrutteringa til dei to vatna er tiltaket likevel akseptabelt med tanke på fisk og fiskeinteresser.

Ureining, vasskvalitet og støy

Det er ikkje resipient- eller vassforsyningsinteresser knytt til elva. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentlege endra av omsøkte tiltak.

Når det gjeld støyvurderingar ligg det to hytter like ved utløpet av Haukåvatnet, desse ligg mindre enn 500 m frå kraftstasjonen. Det bør difor leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til ny kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

I høve til ureiningslova er tiltaket etter vår vurdering akseptabelt. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan tilhøvet til ureiningslova bli vurdert på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulempar som følgjer av tiltaket.

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding frå Fylkesmannen

Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er konfliktfull i høve til landskap og friluftsliv. Dette er særleg knytt til redusert vassføring i fossen Brudesløret og tekniske inngrep i ope fjellandskap i eit viktig turområde. Ut i frå verknaden for allmenne interesser, vil Fylkesmannen rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Haukå kraftverk.

Dersom det mot fylkesmannen sitt råd vert gjeve konsesjon til utbygging, må det skje utan regulering av vatna, og utan bygging av nye vegar i dei opne fjellområda. Det må og vere lågare vassuttak enn i det framlagte prosjektet. Då vil konfliktnivået i høve til landskap og friluftsliv vere monaleg mindre.

Andre krav til ev. konsesjon er at:

- *det må vera ei restvassføring som tek vare på Brudesløret som eit viktig landskapselement*
- *slukeevna bør vere mindre, ikkje meir enn omlag lik middelvassføringa*
- *anlegget må byggjast utan etablering av nye vegar i dei opne fjellområda*
- *inntaket vert gjort minst mogleg synleg med for eksempel forblending*
- *straumen bør transporterast ut ved hjelp av nedgraven kabel*
- *tiltaka vert gjennomført så skånsamt som mogleg med god terrengtilpassing og istandsetting så fort som råd*

Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjorde følgende vedtak i Fylkesutvalget den 28.11.2007:

.... ”

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.*
2. *Fylkeskommunen rår i frå regulering av Gulskardlivatnet og vegbygging som er nødvendig i samband med dette, ut frå konfliktar i høve til landskap inkludert reiseliv, urørde område (INON) og friluftsliv. Utbygginga må vere skånsom og ta omsyn til Brudesløret som fortsatt eit viktig landskapselement.”*
3. *Tilknytning til eksisterande linjenett må skje via jordkabel.”*

Fra fylkesrådmannens saksutredning gjengir vi følgende:

”

5. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Generelt

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 12,2 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og til skatteinntekter.

Ulempene er m.a. knytt til regulering av Gulskardlivatnet og Tjernesvatnet, legging av rørgate, anleggsvegar, bygging av kraftverksbygning og redusert vassføring i Tjerneselva og Stølsbekken. Oppdemming av Gulskardlivatnet og Tjernesvatnet, inntak og vegbygging er planlagt innafor areal som er markert som regionalt viktig friluftsområde i fylkesdelplan for arealbruk.

Det mest omfattande inngrepet er nok redusert vassføring i fossen Brudesløret ved Haukåvatnet, mest på grunn av kraftverksinntaket ved Tjernesvatnet, men også på grunn av reguleringane som er foreslått (flaumdemping). I søknaden er det lagt lite vekt på å framstille forhold knytt til fossefallet. Det ligg ikkje føre foto som kan visualisere ulike vassføringar. Dette gjer det vanskeleg å vurdere landskapsmessige konsekvensar av utbygginga.

.....

Automatisk freda kulturminne

Fylkesrådmannen har i dag ikkje kunnskap om registrerte automatisk freda kulturminne (før 1537) i det området som vert råka av tiltaket. Delar av området er likevel vurdert til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, det vil seie spor etter busetnad og erverv frå forhistorisk tid. Det er difor naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering, jfr § 9 undersøkingsplikta i Lov om kulturminne, i det området det er søkt konsesjon for.

Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark og bestilling av registreringa må meldast til Kulturavdelinga i god tid før arbeidet kan gjennomførast.

Kulturminne frå nyare tid

Gamle ræser og stølsvegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.

Ut i frå søknaden, skal rørgata gravast ned i terrenget. For å få minst mogeleg synlege spor i kulturlandskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden til overdekking på grøftene. Eventuell overskotsmasse frå nedgraving av rørgata, må plasserast på ein slik måte at det vert lite synleg i terrenget og med naturleg vegetasjon som overdekking.

I konsesjonssøknaden er det ved å byggje veg fram til dam og kanalreguleringar, lagt opp til forholdsvis store inngrep i naturen. Ei så omfattande vegutbygging i eit ope landskap, kan lett føre til at vegskjeringar og tilsvarande fyllingar får prege landskapet. I den grad det er nødvendig med framføring av veg, bør vegtrasen følgje terrenget på ein slik måte at inngrepa vert minst mogeleg syneleg.

"Brudesløret", er eit kjent og markert landskapselement langs vegen mot Norddalsfjorden. Ei utbygging av fossen med det til følge at "Brudesløret" som landskapselement vert sterkt redusert, er uheldig. Her må det gjerast tiltak i sjølve utbyggingsplanen slik at fossen framleis kan framstå som eit viktig landskapselement.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen meiner samla sett at dei negative konsekvensane av det tiltaket som er foreslått, er for store i høve til dei økonomiske fordelane. Konsekvensane er i hovudsak endringar i landskap inkludert interesser for reiseliv, urørde område (INON) og konflikhtar i høve til friluftsliv. Prosjektet bør difor omarbeidast slik at inngrep i høgareliggande og sårbare område blir redusert når det gjeld vegbygging og regulering. Ved å sløyfe eller redusere reguleringane vil også meir flaumvatn passere inntaket, slik at fossen Brudesløret i større grad vil kunne framstå som det viktige landskapselement den er i dag. Fylkesrådmannen meiner at tilknytting til eksisterande linjenett må skje via jordkabel.

6. KONKLUSJON/TILRÅDING

- 1. Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.*
- 2. Fylkesrådmannen rår i frå regulering av Guls kardlivatnet og vegbygging som er nødvendig i samband med dette, ut frå konflikhtar i høve til landskap inkludert reiseliv, urørde område (INON) og friluftsliv. Ytterlegare krav for å sikre fossen Brudesløret som landskapselement må vurderast i forhold til konsekvensane av eventuell redusert regulering.*
- 3. Tilknytting til eksisterande linjenett må skje via jordkabel.*

Statens vegvesen Region vest uttaler i brev av 24.08.2007:

”

Statens vegvesen har gått gjennom søknaden og vi vil merke at alle avkøyrsløse og utvida bruk av avkøyrsløse, dispensasjon frå byggegrense (byggegrense riksveg er 50m frå midtline veg) og kryssing eller nærføring av riksvegen med røyrgate el. Kabel skal søkjast om på vanleg måte.”

Sogn og Fjordane Energi AS uttaler i brev av 06.09.2007:

” Vi viser til Dykkar brev av 05.07.07 med vedlagt konsesjonssøknad.

SFE Nett er netteigar og har områdekonsesjon der Haukå kraftverk er planlagt å kome.

Situasjonen i dag er at næraste transformeringspunkt frå 22 til 66 kV er Brandsøy transformatorstasjon. Det er sett i drift 3 kraftverk som har tilknytning til denne stasjonen. Innmatinga til Brandsøy skjer over lange 22 kV linjer. Kapasiteten på linjene er i dag fullt utnytta med omsyn til akseptable spenningsvariasjonar, og etter kvart også termisk.

Vi har registrert eit mogeleg produksjonspotensiale, som i utgangspunktet vil ligge under Brandsøy transformatorstasjon til ikring 40 MW i tillegg til det som er i drift i dag. Kor mykje av dette som er sannsynleg å bli realisert, er vanskeleg å vurdere.

Å forsterke 22 kV nettet heilt fram til Brandsøy, slik at ein kan motta innmating av ny kraft av betydning, er ikkje sett på som realistisk. I staden vurderer vi å sjå nærare på å etablere eit nytt transformeringspunkt 66/22 kV på Grov.

Grov ligg nærare geografisk til nytt produksjonspotensiale enn Brandsøy transformatorstasjon. Stasjonen i Brandsøy ligg omlag ei mil vest for Grov, og har som hovudfunksjon å forsyne Florø by.

Grov transformatorstasjon har transformering 132/66 kV og er eit knutepunkt i nettet med utveksling mot sentralnettet, men har ikkje transformering 66/22 kV i dag.

I første omgang vil vi sjå på investeringskostnader med å etablere ei transformering som dekkjer ein del av nytt produksjonspotensiale, t.d. 15 MVA, og så langt som mogeleg leggje til rette for at transformeringskapasiteten skal kunne aukast seinare, dersom det viser seg nødvendig. Transformeringsanlegg av nemnde type føreset konsesjon frå NVE, som det då må søkjast om.

Elles kan det bli nødvendig å forsterke 22 kV linja mellom Grov og Haukå, avhengig av kva som blir realisert av andre kraftverk som vil mate inn på same linja.

For å kalkulere Haukå kraftverk sin andel av nødvendige investeringskostnader for transformator og linje, vil vi ta utgangspunkt i den mogelege produksjonen som kan gjere seg nytte av desse investeringane og sjå på kor stor andel Haukå kraftverk sin produksjon utgjer av dette. Det er den installerte effekten som vil vere dimensjonerande for nettet og vi vil legge effekt (ikkje energi) til grunn ved kostnadsfordelinga. Eventuell linjeforsterking vil også medføre ei fornying av nettet. SFE Nett vil delta i kostnadene med dette ut frå kor stor noverdien er av det ein sparar i framtidige reinvesteringar.

Kor stor kostnaden vert for Haukå kraftverk vil også vere avhengig av om og eventuelt kor mange andre kraftverk som blir realisert og kan delta i kostnadene med nettforsterking.

Før ein set i gang ei nettforsterkning som nemnt, må ein ha på plass avtalar mellom SFE Nett og dei kraftverka som vil reservere seg kapasitet i nettet. I den grad SFE Nett tek på seg å forskottere nettforsterkning, må ein ha høve til å kreve inn forholdsvis andel av kostnadene frå eventuelt framtidige produsentar som ønskjer nettilknytning. Bygging av nye kraftverk må ikkje starte før det er oppretta nettleigekontrakt mellom SFE Nett og utbyggjar.

I tillegg til andel av nettforsterkning som omtalt ovanfor, vil kvart kraftverk ha si private avgreining frå felles gjennomgåande høgspenningslinje med m.a. brytaropplegg og transformator. Kostnadene med dette vil variere avhengig av lokale forhold og tilhøyre det einskilde kraftverket.

Vi vonar at vi hermed har fått klargjort prinsippa for nettilkopling og korleis tilknytingskostnadene for nye kraftverk vert berekna og innkrevd."

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har 15.09.2007 gitt følgende uttalelse:

"Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane si vurdering er at planane for dette prosjektet har så mange negative konsekvensar for allmenne interesser at den ikkje kan akseptrast.

Det går fram av søknaden at det ikkje skal vere nemnande naturfaglege negative konsekvensar i samband med bygging av dette kraftanlegget og regulering av vatna. Vi saknar derimot ei vurdering av konsekvensane for allmenn bruk av området med tanke på friluftaktivitet generelt, skiutfart, naturoppleving, turstiar, støy, skjemmande fylgjer av regulering og konsekvensar for landskaps/naturvern. Vi saknar også ei heilskapleg vurdering av Haukåvassdraget i søknaden og ynskjer derfor å supplere med omtale av vassdraget og noverande utnyttingsgrad til kraftproduksjon og industrielle føremål.

Haukåvassdraget

Haukåvassdraget inneheld /inneheldt 7-8 vatn, 3 fossar og 5 elvar av nemnande storleik:

- *Børavatnet: Mykje regulert og tappa til Indrehus (ca 1965).*
- *Haukåvatnet: Svært redusert vasstilsig pga demming og "snuing" av Børavatn og tapping av Svartevatnet. Regulert og brukt til vasskjelde for smoltanlegg (ca 1990)*
- *Svartevatn: Tappa til Børevatn (ca 1965)*
- *Grisebotnvatnet: Svært reduser vasstilsig pga utbygging av Børavatnet (ca 1965)*
- *Gullskarlidvatnet: Urørt*
- *Tjernesvatnet: Urørt*
- *Stølsvatnet. Urørt*
- *Grisebotnfossen: Tilnærma tørrlagt med unntak av periodar med mykje nedbør (ca 1965)*
- *Brudeslørfossen: Urørt*
- *Stølsbekkfossen: Urørt*
- *Haukåa: Svært redusert vassføring pga vatnet frå Haukåvatnet vert ført i rør til smoltanlegg (ca 1990)*
- *Svartevatnelva: Tørrlagt pga. tapping av Svartevatnet til Børavatnet (ca 1965)*

- Øyraelva: Svært låg vassføring pga. tapping av Børavatnet til Indrehus (ca 1965). Denne ligg i området som no er foreslått verna som edellauskogreservat
- Gulskarlivaelva: Urørt
- Tjørneselva: Urørt
- Stølsbekken: Urørt.

Oppsummering

- Som det går fram av denne oppsummeringa, er det dei siste utbyggbare vatna, fossane og elvane i dette vassdraget som no er søkt utbygt (regulert og lagt i rør). Dvs. at alle vatn, elvar og fossar av nemnande storleik i vassdraget vert regulerte, turrlagde eller sterkt påverka av kraftutbygging og anna industriell aktivitet.
- Planane for den omsøkte utbygginga inneber omfattande vegbygging av permanent karakter i urørt natur.
- Brudeslørfossen vert svært redusert.
- Stølsbekkfossen vert tørrlagd.
- Prosjektet har ingen nemnande fordelar ut over dei økonomiske.

Vår vurdering og tilråding er slik.

1. Heile arealet som er med i planen, har høg allmenn eigenverdi som rekreasjonsområde.
2. Regulering av vatna vil verte skjemma og medføre at området vert øydelagt for oppleving av urørt natur.
3. Området rundt alle desse vatna er lett tilgjengeleg og generelt eit populært utfartsområde, spesielt for barnefamiljar.
4. Haukåvassdraget er alt prega av svært høg utnyttingsgrad til kraftproduksjon og anna industriell utnytting av vassressursane
5. Dette er ei sidegrein av Haukåvassdraget som utgjer eit "økosystem" som er urørt i dag.
6. Fossane er svært vakre og er landemerke langs vegen og dei einaste som er godt synlege i dette området.
7. Kraftutbygging i dette området kan berre akseptast dersom det kan skje utan at vatna vert regulerte og at fossane vert urørte.

Tillråding:

Med bakgrunn i den alt svært høge utnyttingsgraden av Haukåvassdraget til kraftproduksjon og industriell utnytting av vassressursane, meiner vi det må være rom for å ta vare på litt urørt natur og vakre fossar i dette fjellområdet, til beste for allmenta og framtidige generasjonar.

Arealet som er med i denne søknaden, bør takast vare på som eit sjølvstendig økosystem."

Flora Turlag har i brev av 24.09.2007 meddelt følgende:

”

Den planlagde utbygginga knytt til Haukå Kraftverk er svært uheldig sett frå Florø Turlag si side. Planen som det er søkt konsesjon for er eit stort naturinngrep som vi meiner ein bør unngå i sin heilskap.

Flora Turlag si rute frå Årebråtet i vest til Hyen i aust passerar over osen av Gulskarlivatnet. Ei utbygging av vassdraget med oppdemming av Gulskarlivatnet og tilhøyrande anleggsveg vil redusere opplevinga ein har av dette som eit uberørt fjellområde monaleg.

Haukånipa er eit mykje brukt turmål og særleg vegbygginga frå Haukåstøylen og opp til Gulskarlivatnet vil verke skjemma og redusere naturopplevinga. Dette er ein fjelltopp som er mykje besøkt størstedelen av året. Ved toppvarden har Flora Turlag ei toppbok.

Fossen Brudesløret er ein av dei flottaste fossane ein kan sjå frå riksvegen i Sunnfjord. Skal det fastsetjast minstevassføring, bør ein ta omsyn til turistaspektet ved denne fossen.

Vassdraget er mykje brukt som turmål då det ligg lett tilgjengeleg og det er gode tilhøve for telting og fiske. Dette gjer at det ofte blir brukt av skulane i kommunen til overnattingsturar. M.a. har mange klasser ved Flora ungdomsskule vore der på ekskursjonar dei siste åra. Det som gjer dette området særst interessant for ekskursjonar er at ein lett finn forsteina former frå den tida berggrunnen i Hornelen-bassenget vart avsett. Det dreier seg her om konglomerat, breksje, bølgeslagmerker og tørkesprekker.

Utbygginga slik den framstår i konsesjonssøknaden er eit stort inngrep i eit område som no framstår som eit uberørt og svært attraktivt turterreng. Berre vegane knytt til prosjektet er alvorlege inngrep når ein ser at dei kjem så i konflikt med dei T-merka rutene til turlaget som ein gjer i dette tilfellet.

Vert utfallet av sakshandsaminga at ein skal tillate utbygging, meiner vi at NVE bør fastsette minstevassføring og maksimal slukeevne som ivaretek fossen Brudesløret. Vidare bør ein unngå oppdemminga av Gulskarlivatnet og vegbygginga mellom Tjernesvatnet og Gulskarlivatnet. Dette vil redusere skadeverknadane noko, men på langt nær vere ei tilfredsstillande løysing.”

Sogn og Fjordane turlag har i brev av 20.09.2007 gitt følgende uttalelse:

”Generelt om denne saka/høyringsfråsegna:

Dette er ei vanskeleg sak for Sogn og Fjordane Turlag. Medlemslaget vårt Flora Turlag har 2 hytter på grunneigaren (= eigaren av Haukaa Kraft AS) sin eigedom. Den merka ruta mellom dei 2 hyttene, 3 ulike merka ruter fram til hyttene, og ei merka rute opp til fjelltoppen Haukåbøra, går alle enten heilt, eller for det aller meste, over grunneigaren sin eigedom. Både den noverande eigaren og den tidlegare, Gudmund Strømsnes, som Flora Turlag har hatt mest kontakt med gjennom åra, har vore svært imøtekomande, og ”rause” overfor Turlaget. Samarbeidet har vore godt!

Men i denne saka er det interessekonflikt, ettersom den aktuelle utbygginga fører til inngrep midt inne i eit viktig turområde med 2 merka turruter. Interessekonflikten vert forsterka av at denne utbygginga er så omfattande! Dei aller fleste småkraftutbyggingane er reine elvekraftverk der det ikkje er inngrep oppstrøms inntaket. I dette tilfellet er det 2 reguleringsmagasin, ei bekkeoverføring, og ganske omfattande anleggsvegbygging oppstrøms inntaket. Av dei over 60 småkraftutbyggingssøknadane vi har vurdert dei 3 siste åra, er dette ikkje ”den verste”,

men mellom dei 3 – 4 som har dei mest omfattande samla inngrepa. Dette er ei småkraftutbygging som langt på veg har "utbyggingsprofilen" til ei storutbygging! Hovudskilnaden er at her er magasinkapasiteten i % av årsavrenninga mykje mindre enn det som er vanleg for store utbyggingar. Vi er svært forundra over at eit konsulentfirma som har så stor erfaring som det som her er nytta, kjem med framlegg om ei utbygging med så store inngrep. I motsetning til utbyggaren, må dei vite at dette er konfliktfylt, og går langt ut over det inngrepsomfanget som NVE vanlegvis godkjenner i slike saker.

I Turlaget har vi god kjennskap til den dårlege lønsemda i jordbruket, og har stor forståing for at både denne og andre grunneigarar treng ekstrainntekter. Derfor har vi også sagt "ja/OK" (ofte med visse merknader) til 72 % av dei småkraftutbyggingane vi har vurdert i desse 3 åra.

Men i dette tilfellet er dei samla inngrepa og det samla konfliktnivået både i høve til friluftsinteressene og til almenne interesser generelt, så stort at det går for langt. Sjølv om vi ønskjer å vise stor velvilje overfor grunneigaren, er det dessverre ikkje mogeleg for oss å akseptere ei slik utbygging! (Dette gjeld den største av utbyggingane. Den minste har vi ingen vesentlege merknader til.) Ei meir vanleg småkraftutbygging, eit elvekraftverk utan reguleringar og overføringa, og der anleggsvegen tek av frå stølsvegen og går (i slyng) direkte til inntaket, og ikkje lenger, ville vere lettare å akseptere sett frå friluftslivssynspunkt. Då ville ein unngå dei store, konfliktfylte inngrepa rundt vatna, og turrutene ovanfor Haukåstølen vert ikkje påverka.

Friluftsliv i det aktuelle området:

Flora Turlag har eit samanhengande hytte- og rutenett frå Årebrot og Botnane nord for Florø i vest til Hyen i Gloppen kommune i aust. Frå Hyen har turruta samband vidare austover til Longevasshytta (eigar Indre Sunnfjord Turlag) og Jølster. Hytte- og rutenettet er del av Den Norske Turistforening sitt landsomfattande nasjonale og internasjonale hytte- og rutenett.

Flora Turlag sine hytter i dette nettet, er frå vest:

- Grytadalsbu, som ligg på grunneigaren sin eigedom omlag 2,5 km vest for utbyggingsområdet. Flora Turlag har ei 30 års festkontrakt på tomten til denne hytta.
- Børabu, som ligg på grunneigaren sin eigedom 2 - 2,5 km aust for utbyggingsområdet. Eigar av denne hytta er Elkem Bremanger, og Flora Turlag har bruksrett til hytta mot å halde den vedlike.
- Blåbrebu, som ligg nord for Grøndalen inst i Norddalsfjorden. Hytta har sikringsbu.
- Gjegnabu, som ligg nordnordvest for Hope i Hyen.

Merka turruter på grunneigaren sin eigedom:

- Frå riksvegen i Grytadalen til Grytadalsbu. Første del av ruta går over ein annan grunneigar sin eigedom. Ruta vert ikkje påverka av utbygginga.
- Frå Grytadalsbu til Børabu. Frå Grytadalsbu går ruta først søraustover, så austover bratt opp Nipeskora til ei hylle sør for toppen av Haukånipa. (På kartet i vedlegg 2, står teksten Haukånipa omlag der ruta kjem opp. Toppen av Haukånipa ligg lenger nord, der det står 790.) Så går ruta nordvestover til Haukånipa, 790 m, ein nydeleg utsikts-topp! Vidare går ruta austover litt sør for grensa for nedbørfeltet for Stølsbekken, (sjå vedlegg 2 i konsesjonssøknaden) til den like søraust for inntaket av Stølsbekken møter den merka ruta som går opp frå Haukåstølen. Derifrå går ruta først nordover og så austover til Børabu slik den er merka av på karta i vedlegg 2 og 3 i konsesjonssøknaden

og på side 3 i Rådgivende Biologer AS sin rapport. Frå toppen av Haukånipa til toppen av lia aust for Gulskarlivatnet, vil ruta vere i visuell konflikt med utbygginga. Frå like før ruta møter ruta opp frå Haukåstølen til sørenden av Gulskarlivatnet er passert, vil ruta vere i stort sett samanhengande direkte konflikt med anleggsvegen, overføringskanalen for stølsbekken, dammen og kanalen sør for Gulskarlivatnet, og/eller reguleringssona for Gulskarlivatnet.

- Frå vestenden av Haukåvatnet til Haukånipa og Børabu. Ruta startar frå parkeringsplassen på nordsida av riksvegen, vest for enden av Haukåvatnet, og følgjer stølsvegen oppover til Haukåstølen. Der går den over til sti slik det er merka av på karta i vedlegg 2 og 3 i konsesjonssøknaden. Ved den øvste kryssinga av Stølsbekken, går ruta til toppen av Haukånipa vestover, medan ruta til Børabu held fram nordover, begge etter traseane som er omtala i førre punkt. Konfliktane med utbygginga vert som i førre punkt. I tillegg kjem konflikt med den delen av anleggsvegen som er lenger nede. Den nedste delen av ruta er i ein viss konflikt med røyrkata og kraftstasjonen. Graden av konflikt med kraftstasjonen vil truleg ha størst samanheng med støynivået.
- Frå riksvegen nord for krysset til Norddalsfjorden til Børabu. Ruta passerar Straumsnesstølen, kryssar den austlege delen av Haukåvatnet på 2 bruer, går først i vestleg, så i nordleg retning, passerer Grisebotsvatnet på aust og nordsida og vidare til Børabu. Ruta er stipla på kartet i Figur 3 på side 7 i Biologisk mangfald-rapporten. På første del av ruta er "Brudesløret" godt synleg, elles er ikkje ruta i konflikt med den planlagde utbygginga.
- Frå Børabu til toppen av Haukåbøra. Ruta går frå Børabu aust om Børavatnet, og sør og aust for det vesle vatnet aust for Børavatnet. Så går ruta nordover, og til slutt vestover fjellryggen til toppen. Første delen av ruta er stipla på kartet i Figur 3 i Biologisk mangfaldrapporten. Ruta vert ikkje påverka av utbygginga.

Ikkje merka turruter som er i meir eller mindre konflikt med utbygginga:

- Frå sørenden av Stølstjørna (eventuelt Haukåstølen) og først vestover, seinare nordvestover, hylla tjørna ligg i, til Grytadalsbu.
- Frå toppen av Nipeskora tek ein av austover frå den merka ruta, og følgjer hylla først i austleg, så i nordaustleg retning til ein møter den merka ruta opp frå Haukåstølen.
- Frå ruta opp frå Haukåstølen tek ein av til høgre når ein ser Tjernesvatnet, rundar austenden av vatnet og går i grovt sett nordaustleg retning til ein møter den merka ruta sør for Svartevatnet. Dette er ei litt kortare rute til Børabu enn den merka ruta.

Dei ikkje merka rutene er sjølv sagt mykje mindre brukte enn dei merka.

Om utbyggingsområdet som friluftsområde:

Utbyggingsområdet er mykje brukt som friluftsområde, og bruken har auka markert etter at vegen til Haukåstølen vart bygd. Fleirtalet av dei som går her, går opp til Tjernesvatnet og eventuelt vidare til Gulskarlivatnet. Mange går også opp til utsiktstoppen Haukånipa, og nokre går til Børabu. Områda rundt Tjernesvatnet og Gulskarlivatnet er særprega fordi ein her kjem inn i eigne landskapsrom der ingen menneskelege inngrep er synlege nokon stad, unnateke den vesle hytta ved Tjernesvatnet. Sjølv om det ikkje er så langt å gå, får ein her oppe kjensla av å vere i heilt i villmarka. Og trass i at ein ikkje er over tregrensa, har området i stor grad høg-fjellspreg, ettersom dei mest brukte områda rundt vatna er fri for skog. NVE vil kunne konstatere dette under synfaringa. Ettersom det er så kort veg frå Florø, og området er lett tilgjengeleg, er det populært som familieturområde. Villmarkskjensla ein får, og fisken i vatna, er truleg

mykje av grunnen til dette. Sjølv om fisken ikkje er så stor, betyr ikkje dette så mykje for born, det viktigaste er at den er nokolunde lett å få!

Vi er også kjende med at området er ein heil del brukt av skuleklassar, som i tillegg til å vere på tur, også studerer den heilt spesielle geologien i området. Det er spanande å finne forsteina tørkesprekker og bølgeslag som er rundt 400 millionar år gamle!

I det som av mange vert omtala som fylket sin "turbibel", boka "OPPTUR 267 fotturar i Sogn og Fjordane" av Anne Rudsengen, utgitt på Selja forlag, er ruta frå vestenden av Haukåvatnet, via Haukåstølen til Haukånipa og ned att til Grytadalsbu, omtala som ein av turane. Sjå foto på side 470 og 471 og tekst på side 471 og 472 i boka. Utbygginga er i konflikt med denne ruta. Ruta via Børabu til Haukåbøra, som er lite i konflikt med utbygginga, er omtala på side 468, 469, 470 og 471. Det er stor grunn til å tru at omtalen av rutene i turboka, fører til auka bruk.

Reiseliv:

I reiselivssamanheng er nok interessene i dag først og fremst knytte til fossen "Brudesløret". Dette er ein av dei finaste, mest særprega og lettast tilgjengelege fossane i Flora kommune. Vegvesenet har bygd ein eigen rasteplass for dei som vil oppleve fossen. Den ligg ved riksvegen tvers over Haukåvatnet frå fossen, og vert flittig nytta.

Naturbasert reiseliv vert meir og meir populært i dag. Ein del turistar nyttar nok den merka tur-ruta oppover forbi Haukåstølen i dag, men førebels er det neppe særleg mange. Men potensialet for auka bruk er stort. I kor stor grad potensialet skal utnyttast kommersielt, er mykje opp til grunneigaren. Reiselivstilbod i tilknytning til jakt/jaktguiding, gir også eit aukande tal grunneigarar betydelege årlege inntekter. I nokre tilfelle kanskje/truleg like mykje som det den aktuelle utbygginga vil gje i nettoutbyte.

Kommentarar til utbygginga:

Slukevneintervallet for hovudutbygginga er mellom 9,1 og 182 % av gjennomsnittsvassføringa. Intervallet er stort, men i samsvar med det som dessverre etter kvart har vorte trenden for småkraftutbyggingar – hardare og hardare utbygging.

Reguleringar og overføringar: Viss NVE skulle gje løyve til utbygging slik som konsesjonssøkt, er utforminga av dammar, kanalar m.m. viktig. Bruk av farga betong kan til dømes vere betre enn den vanlege grå betongen. Det kan også vere aktuelt å "kamuflere" betongen heilt eller delvis med naturstein, slik at inngrepa ikkje blir så dominerande i terrenget.

Inntak: For inntaka gjeld også at det vil vere ein fordel å "kamuflere" dei ved bruk av farga betong og/eller naturstein.

Driftsvassveg/rørtrasé: Det er positivt at heile dei 2 rørgatene skal gravast ned! Vi har ikkje synfare området så grundig at vi har konkrete meiningar om trasevalet.

Kraftstasjonen: Plasseringa har vi ingen spesielle merknader til, men god støydemping er viktig. Dette har NVE etter kvart fått svært gode kunnskapar om.

Vegbygging: I staden for det som er konsesjonssøkt, å føre vegen nordover frå Haukåstølen, kan vere aktuelt å føre vegen langs rørgatetraseen. For å få akseptabel stigning, må den heilt sikkert gå meir i slyng enn rørgata, men den vil likevel i stor grad kunne nyttast som anleggsveg for legging av rørgata. Dei totale inngrepa vert truleg mindre viss anleggsveg og rørgate går i same område. For å gjere vegen mindre synleg, kan det også vere aktuelt å gjere den om til "køyresterkt terreng" etter utbygginga. Vi ber NVE vurdere desse spørsmåla.

Skal vegen vere open for ålmenn ferdsel? Vi meiner å hugse at NVE har opplyst at bilvegar som vert bygd i samband med kraftutbyggingar, skal vere opne for ålmenn ferdsel, og at grunneigaren ikkje har høve til å nekte dette. Korleis det vil stille seg i dette tilfellet, der den nedre delen av vegen er reint privat, bygd for fleire år sidan, og det berre er den øvre delen som vert nybygd i samband med kraftutbygginga, veit vi ikkje. Viss vegen vert omgjort til "køyresterkt terreng", vert den i alle fall ikkje lovleg å køyre for alle. Sett frå vårt synspunkt, er det ikkje ønskjeleg at vegen vert open for alle. Kva grunneigaren meiner, veit vi ikkje.

Kraftliner: *Det vil vere ein fordel om kraftlina vert lagd i kabel. Eventuelt at den vert lagd i kabel frå kraftstasjonen og så langt vestover som forbi parkeringsplassen der turruta startar.*

Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar:

Det blir i konsesjonssøknaden hevda at i følgje Fylkesatlasen "er det ingen fylkeskommunale planer i det berørte området." Her har nok konsulentane gjort for dårleg jobb. Store delar av utbyggingsområdet ligg inne i eit "Regionalt viktig friluftsområde" i fylkesdelplanen for friluftsliv. Sjå kartutskrift frå Fylkesatlasen i Vedlegg 1.

Alternative utbyggingsløyningar:

Det er sjølvsagt ei alternativ utbyggingsløyning å bygge begge elvane som reine elvekraftverk, utan reguleringsmagasin og utan bekkeoverføring. Dette ber vi NVE vurdere. Ei heilt anna utbygging som kan vere aktuell, er å bygge ut fallet frå Haukåvatnet til fjorden. Haukåvatnet er alt etablert som reguleringsmagasin (liten reguleringshøgde) for eit oppdrettsanlegg nede ved fjorden, og røyrgate er lagt ned. Vurdert ut frå ålmenne interesser ville det vere fullstendig konfliktfritt å utnytte dette fallet ved å sette opp eit kraftverk nær fjorden. (Vi er merksam på at det må iverksettast spesielle tiltak for å unngå luftovermetting i vatnet, noko som kan drepe fisken i anlegget.)

Kommentarar til Miljøkonsekvensar:

Hydrologi: *Øvst på side 23 i konsesjonssøknaden er det sett opp oversyn over tal dagar med tillaup over maksimal slukevne og under minste slukevne i vått, middels og tørt år. Desse tala ser for oss ut til å vere sette opp som om kraftverket skulle vere eit reint elvekraftverk, utan regulering. Med 2 reguleringsmagasin, slik som konsesjonssøkt, og god utnytting av magasin, vil vi tru at alle tala vert mykje lågare. Dette betyr mellom anna at tal dagar med overløp over dammen vil vere mykje lågare enn tala på 90, 77 og 31 som er oppgitt. Truleg er det vanskeleg å rekne ut tal dagar med overløp viss ein har/utnyttar reguleringsmagasina, men dette er viktig for å bedømme konsekvensane for turistfossen "Brudesløret". Vi ber NVE sjå på dette. Og NVE vurderer sjølvsagt også storleiken på minstevassføringa til ulike tider på året.*

Fisk: *For oss i Turlaget er både Tjernesvatnet og Gulskarlivatnet kjende som fiskevatn. For mange år sidan, truleg meir enn 50, var det båt i Tjernesvatnet, noko vi går ut frå indikerer at tidlegare grunneigarar har drive aktivt fiske i vatnet. Hytta ved vatnet er så vidt vi veit bygd oppe på murane av det gamle naustet båten låg i. Også i dag er fisket interessant for born.*

Geologi og landskap: *Vi er svært forundra over at konsekvensane for dette temaet er sette til små. Dette kan ikkje stemme! Dei fine landskapsromma rundt vatna vert sterkt negativt påverka av reguleringsmagasin og anleggsveg, og den fine turistfossen "Brudesløret" vert nesten, eller heilt, tørrlagd størstedelen av året.*

INON: *Vi ber NVE vurdere verknaden for INON viss reguleringsmagasin, bekkeoverføring og anleggsveg forbi inntaket vert sløyfa.*

Brukarinteresser: Det som står om brukarinteresser er svært mangelfullt og delvis feil. Vi viser til det som står om friluftsliv fremst i høyringsfråsegna. Hytta som det står tilhører Florø Turn, er Grytadalsbu som vart overteken av Flora Turlag for anslagsvis 15 år sidan. "Elkems anleggshytte ved dam Børavatnet" er Børabu, der Flora Turlag har ei bruksrettsavtale med Elkem Bremanger. Når det gjeld bruken av området, vil vi tru at brukarane frå Florøområdet er mange fleire enn brukarane lokalt, men vi har ikkje statistikk som kan stadfeste dette.

Nokre aktuelle spørsmål for NVE i vurdere i samband med utbygginga:

I spørsmålet om utbygginga skal få konsesjon eller ikkje, er det aktuelt å vurdere mellom anna:

- Sumverknaden av mange utbyggingar, både eksisterande, konsesjonssøkte, og planlagde, (men førebels ikkje konsesjonssøkte,) vurdert både i eit relativt avgrensa område på nordsida av Norddalsfjorden, og i eit større område avgrensa av Norddalsfjorden i sør, Nordfjorden i nord, og Hyefjorden i aust.
- I kor stor grad omsynet til turistfossen "Brudesløret" skal tilleggast vekt.
- I kva grad skal ein ta omsyn til høgjellspreget området rundt vatna har?
- Omsynet til brukarinteressene.

Viss NVE ønskjer å gje konsesjon, kan det i samband med fastsettinga av konsesjonsvilkåra vere aktuelt å vurdere mellom anna:

- Skal 2 eller 1 eller 0 reguleringsmagasin tillatast?
- Skal Stølsbekken overførast til Tjernesvatnet?
- Kan det vere aktuelt føre anleggsvegen opp til inntaket langs røyrgetraseen? (I grove trekk, vegen må nokre stadar leggast meir i slyng for å få slakkare stigning.)
- I kor stor grad skal ein ta omsyn til bortfall av INON? Dette spørsmålet har direkte samanheng med alle punkta ovanfor.
- Kan det vere aktuelt at den delen av anleggsvegen som ligg ovanfor den eksisterande stølsvegen, vert omgjort til "køyresterki terreng" etter at utbygginga er ferdig?
- I kor stor grad skal ein ta omsyn til "Brudesløret" ved fastsetting av minstevassføring og maksimal slukevne for kraftstasjonen?"

Sogn og Fjordane turlag har i brev av 06.06.2008 gitt følgende tilleggsuttalelse:

"Vi viser til konsesjonssøknaden og til høyringsfråsegna våre av 20.09.2007.

Gudmun Strømsnes (tidlegare eigar, og far til konsesjonssøkjaren noverande eigar av Haukå) kontakta oss 21.11.2007, og påpeika mellom anna at vi delvis har gitt feil opplysningar i omtalen vår av friluftsliv, og at omtalen vår av bruken av området er prega av "synsing" og ikkje av faktiske opplysningar. Det siste kan vi faktisk vere heilt einige i. Det finst ingen "telleapparat" som fortel noko om kor mange som går på tur i dei ulike områda, så omtalen av bruken er dessverre (eller heldigvis, sett frå eit "storebror ser deg"-perspektiv) nøydd til å vere synsing.

Det har dessverre teke altfor lang tid for oss å få fram brukbare konkrete opplysningar, men no har vi i alle fall ein del faktiske opplysningar. Og nokre tilleggsopplysningar som vi nok må erkjenne også kan kallast "synsing", fordi vi ikkje kan dokumentere dei godt nok.

Tilleggsopplysningar om bruken av området:

På toppen av Haukånipa la Flora Turlag ut ei ny turbok den 19.07.2007. Til den 02.06.2008 var det 93 personar som hadde skrive seg inn i boka. Av desse var det 49 i perioden 19.07 – 02.10.2007 (det var mykje dårleg vær i denne perioden). 0 i perioden 03.10.2007 – 02.05.2008 (i delar av perioden har boksen med turboka vore innesnødd der den ligg i foten av varden.) 44 i perioden 03.05 – 02.06.2008 (det var mykje fint vær i denne perioden). Kor mange som vil skrive seg inn i boka i løpet av det første året, veit vi ikkje enno, og det vil vere vêravhengig. Viss forholdsvis like mange skriv seg inn i boka på 1½ månad i perioden 03.06 – 18.07.2008 som på 1 månad 03.05 – 02.06.2008, vil det verte $44 \times 1,5 = 66$ personar i tillegg, slik at det samla talet vert 159 personar i løpet av eit heilt år. Men "fasiten" på det reknestykket får vi ikkje før boka vert kontrollert etter den 18.07.2008.

I tillegg til dei som skriv seg inn i turboka, er dei også ein del som går på toppen utan å skrive seg inn i boka. Vi veit konkret at det er nokre, men vi veit sjølvsagt ikkje kor mange. Truleg er det totalt anslagsvis 200 – 250 personar som går til toppen av Haukånipa årleg, men dette veit vi som sagt ikkje 100 % sikkert for fleire enn dei som skriv seg i boka.

Opp til Haukåstølen, og eventuelt vidare til Tjernesvatnet/Gulskarlivatnet er det sjølvsagt mange fleire som går, enn til toppen av Haukånipa, men kor mange det er, veit vi ikkje.

Hytteboka på Børabu viser at der var det 42 overnattingar i 2007. I tillegg er det ein del som går forbi utan å overnatte, men dei har vi ikkje noko tal på. Til Børabu er det 2 hovudruter, ei forbi Tjernesvatnet/Gulskarlivatnet, og ei frå den austlege delen av Haukåvatnet ved Straumsnesstølen, over bruene, og opp Dyrestien. For begge rutene vert det konflikt med den planlagde utbygginga. For den austlege, og truleg mest brukte ruta, er konflikten berre visuell. (Brude-sløret vil oftest vere nesten tørt.) For den vestlege vert konflikten både visuell og direkte.

Skuleklassar som brukar området: Her har vi fått konkrete opplysningar om at i alt 6 klassar frå Flora ungdomsskule har vore på teltovernattingstur i området i perioden 2001 – 2006. Vi veit det er fleire klassar som har vore på turar i området, men har ikkje fått konkrete opplysningar om det. Teltovernattingane skjedde på eit svært godt eigna område vest for elva mellom Gulskarlivatnet og Tjernesvatnet. Om denne fine teltplassen vert heilt/delvis øydelagd av den planlagde anleggsvegen, veit vi ikkje sikkert, det vil NVE si synfaring vise.

Frå ein tidlegare miljøvernleiar i Flora kommune, Bjørn Angell-Jacobsen, har vi fått opplyst at området Tjernesvatnet/Gulskarlivatnet er ein av dei to mest populære stadane av sitt slag i kommunen som familiar med born reiser til på teltovernattingsturar. Han har sjølv overnatta der med borna sine fleire gongar. Teltplassen er den same som ungdomsskuleklassane har brukt. I tillegg er det ein mindre, og mindre brukt, teltplass ved utløpet frå Tjernesvatnet. Grunnen til at området er så godt eigna for slike familieturar, er at turen er kort nok og lett nok for dei fleste born, det er lett å finne fram, området er godt skjerma og nesten heilt urørt, og, ikkje minst, det er lett å få fisk der! For born er det å få fisk mykje viktigare enn storleiken på fisken. Den andre av dei to viktigaste teltovernattingsstadane han opplyste om, er ved Høydalsvatnet, aust for Store-Høydal. Som miljøvernleiar hadde Bjørn Angell-Jacobsen ansvaret for å lage heftet "Til fots i Flora", der mellom andre begge dei to nemnde turane er med.

Skiturruta mellom Grytadalen/Grytadalsbu og Børabu/fjelltoppen Haukåbøra går via like sør for Rundedalsvatnet (på austsida av Grytadalen) og austover, over Gulskarlivatnet og Svartevatnet. Viss Gulskarlivatnet vert regulert, er det sannsynleg at ruta vert ubrukeleg i siste delen av skisesongen. Vi presiserer at dette er ei nokså lite brukt rute, men viktig for dei som brukar den. Sommarturar er dei suverent viktigaste i området for denne kraftutbygginga!

Korreksjon/presisering av opplysningar i den første høyringsfråsegna vår:

I høyringsfråsegna vår av 20.09.2007, skreiv vi mellom anna følgjande om ruta frå Grytadalsbu til Børabu: "Frå toppen av Haukånipa til toppen av lia aust for Gulskarlivatnet, vil ruta vere i visuell konflikt med utbygginga." Den 02.06.2008 gjekk vi ruta til Haukånipa opp på nytt. Her må vi gje Gudmun Strømsnes rett i at dette ikkje stemmer, og ta sjølvkritikk på at vi dessverre ikkje har vore nøyaktige nok i det vi skreiv. Den aktuelle strekninga er ca. 3 km lang. Av dette er det 2 strekningar på til saman omlag 300 - 350 m aust for Haukånipa der utbygginga ikkje er i visuell konflikt med turruta. (Inngrepa er ikkje synlege frå ruta.) Kommentar:

På toppområdet er det 2 vardar. Den vestlege ligg litt lægre enn toppen framme på kanten av eit stup. Ingen del av utbyggingsområdet er synleg frå denne varden. Frå den austlege varden og på ein kort del av ruta, ca. 100 m, austover derifrå, ser ein ned på delar av det planlagde reguleringsmagasinet Gulskarlivatnet. Så er det 250-300 m der ein ikkje ser nokon del av utbyggingsområdet. Deretter tek ein til å sjå området for den planlagde dammen v/Tjernesvatnet, og etter kvart aukande og varierende delar av området som vert prega av dei planlagde inngrepa. Unntak: På ei omlag 50 m lang strekning ned frå Haukånipa, hindrar ein fjellknaus utsikten mot inngrepa. På resten av strekninga er det konflikt mellom turruta og utbyggingsplanane.

Under "Reiseliv:" i høyringsfråsegna vår av 20.09.2007 skreiv vi mellom anna følgjande:

"Reiselivstilbod i tilknytning til jakt/jaktguiding, gir også eit aukande tal grunneigarar betydelege årlege inntekter. I nokre tilfelle kanskje/truleg like mykje som det den aktuelle utbygginga vil gje i nettoutbyte."

Vi presiserer at dette gjeld generelt. Kor store inntektene frå jakt/jaktguiding kan bli, er heilt avhengig av kor profesjonelt det vert satsa og kor mange løyve ein har tilgang til. Årlege inntekter på kr. 250.000 – 300.000 for eit godt tilbod, er svært sannsynleg, også i vårt fylke, men inntektene kan også bli større. Storleiken på inntektene er heilt avhengige av satsinga, både når det gjeld sjølve tilbodet og marknadsføringa. I Haukå skulle tilhøva ligge godt til rette for kunne å gje eit godt tilbod, så spørsmålet er om dette er noko ein ønskjer å satse på – eller ikkje. Vi kan nemne at Skogeigarlaget og Bondelaget samarbeidar om spesielle etterutdanningskurs for grunneigarar som vil satse på jaktguiding og jaktutleige.

Når det gjeld samanlikninga mellom inntektsmulighetene for jakt/jaktguiding og nettoinntektene frå småkraftverket, så var den basert på den prisinformasjonen vi hadde tidlegare, der pris på faste leveransar på 25-27 øre pr. kWh. No høyrer vi at denne prisen er 34-35 øre pr. kWh, og då vert småkraftverket det mest lønsame, sjølv om også jaktguiding kan gje gode inntekter, og det utan å gjere store investeringar. Vi har til dømes fått opplyst at norske trofjegerar er villige til å betale minst kr. 40.000 for å få skyte ein enkelt stor hjortebukk!

Under "Kommentarar til Miljøkonsekvensar:" skreiv vi mellom anna følgjande:

"Fisk: For oss i Turlaget er både Tjernesvatnet og Gulskarlivatnet kjende som fiskevatn. For mange år sidan, truleg meir enn 50, var det båt i Tjernesvatnet, noko vi går ut frå indikerer at tidlegare grunneigarar har drive aktivt fiske i vatnet."

Gudmun Strømsnes opplyser at vår teori om kvifor det har vore båt i vatnet, er fullstendig feil! Båten har samanheng med tidlegare planar om hyttebygging, som ikkje vart noko av, så her må vi erkjenne at har vi kome med ein teori som ikkje stemde.

Det vi har fått stadfesta stemmer, er at vatna er godt kjende som fiskevatn - med liten fisk som er lett å få! Dette fisket er, på tilsvarende måte som for Høydalsvatnet, ein viktig del av grunnen til at området er så populært som turmål/teltovernattingsstad for barnefamiliar. Fiske var også ein viktig aktivitet på ungdomsskulen sine teltovernattingssturar, har vi fått opplyst.

Når det gjeld andre opplysningar om friluftsliv/turruter, og info om Turlaget sitt syn på utbygginga, viser vi til fråsegna vår av 20.09.2007."

Søkers tilleggsinformasjon og kommentar til høringsuttaalelsene

Søker har i brev av 08.05.2008 kommet med følgende tilleggsinformasjon og kommentert de innkomne høringsuttaalelsene med bilag:

"

Vi har følgende kommentarer til merknadane:

1) Flora Kommune

Politisk leiing er positiv til utbygging, men ber om at fossen Brudesløret blir mest mulig skjerma. Etter vår vurdering vil fossen blir lite endret i tidsrommene med liten vannføring då det i søknaden er tatt med minstevassføring i sommerhalvåret. I flom vil fossen bli om lag som i dag då slukeevna for kraftverket er lav i forhold til flomvassføringa.

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Her er innstillinga negativ, og vi har derfor laga vedlegg med kommentarer, sjå vedlegg

3) Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Haukå Kraft AS viser til positiv tilråding på visse vilkår. I konsesjonssøknaden er det søkt om regulering av Gulskarlivatnet med 4 m, 2,5 m senking og 1,5 m heving. Vatnet har i dag ei sjølvregulering på 1-1,5 m. For Tjernesvatnet er det søkt om ei regulering på 2 m, 1 m senking og 1m heving. Vatnet her har ei sjølvregulering på ca 1,2 m. Omsøkt regulering er gjort for å nytte vannressursen best mulig, og dempe flaum i elva haukåa. Utbygger kan godta at det ikke blir bygt vei til Gulskarlivatnet slik som omsøkt, men at det blir gitt anledning til å komme frem med nødvendig anleggsutstyr, for å gjennomføre tiltaket.

Søknad om regulering av vatna blir opprettholdt, dette er og viktig for flomdemping i vassdraget noe som ikke minst er viktig for avløpet fra Haukåvatnet som vert nytta til settefiskproduksjon.

Ønske om at utbygginga må være skånsom i høve til fossen er etter vårt syn langt på vei ivaretatt med den minstevassføring som er forslått i konsesjonssøknaden.

Krav om kabel til eksisterende linjenett må etter vårt syn avvisast, begrunner det med en mengde linje som i dag alt er i området og, Fylkeskommunen som ikke går inn for at ny 400 kV linje skal gå i kabel. Et av alternativa er at 400 kV linja kommer til å passere i nærheten. Dersom Fylkeskommunen stiller et krav om kabel på ei lita linje må, en være konsekvent å stille det på store linjer.

4) Statens vegvesen

Haukå kraft AS vil forholde seg til Statens vegvesen, på en korrekt måte i henhold til avkjørsel med mer.

5) Sogn og Fjordane Energi AS

Haukå Kraft AS har merka seg brev fra SFE og vil forholde seg til eier av linjenett.

6) Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Haukå Kraft AS ønsker ikke å kommentere brev, etter som desse momenta blir kommentert i forhold til Fylkesmann og Turlag.

7) Sogn og Fjordane Turlag

Haukå Kraft AS ber om at en ikke tar turlaget sine merknader til følge, og viser her til eget vedlegg, vedlegg 2.

8) Flora Turlag

Slik vi ser de, blir ikke noe av det som turlaget viser til i skriv av 24.09.07 endret ved ei utbygging. Dei små reguleringene her vil ikke påvirke bruken av området. De som en frå et undervisnings synspunkt blir henvist til sitat: De dreier seg her om konglomerat, breksje, bølgeslagmerke og tørkesprekker sitat slutt. Forblir urørt som før. Det er med stor undring at turlaget ikke ser noe positiv i at de kjem en "skogsveg" til området, dette vil øke bruken av området betydelig for turgåere, og eg skulle tru at det var hensikten til turlaget å fremme turgåing.

Det som turlaget har rett i er at fossen blir mindre etter ei utbygging, men det viser ikkje fra noe turområde kun for bilfarende på riksveg 614.

Etter gjennomgang og kommentarer av omsøkt utbygging er det etter vårt syn ikkje innkommet merknader som skulle tilsi at omsøkt utbygging ikke kan gjennomføres som planlagt.

Vi er av den formening at denne utbygginga ikke har naturinngrep som er i strid med regler og forskrifter som skal etterkommes i en konsesjon. Utbygginga er privatøkonomisk og samfunnsøkonomisk riktig.

Bilag I

Merknader til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen hevder i sin tilråding at utbygging av Haukå Kraft AS er konfliktsfulgt i høve til landskap og friluft. Dette samsvare ikke med dei argument Fylkesmannen brukte ved flytting av grensa til et foreslått vern av edellauvskog slik at elva og fossen ikke kom inn under verneforslaget. Grunneier hadde gjort Fylkesmannen oppmerksom på at det var søkt om kraftutbygging, og ønsket en gjennomgang av heile området for vern, dette vart ikke tatt hensyn til. Det at fylkesmannen flytta grensa for verneområdet forbi fossen var et klart signal på at fossen ikke var verneverdig sett fra miljøhensyn. Det er ingen tvil om at dersom Fylkesmannen ville verne fossen, og betalt vederlag til grunneier hadde en ikkje trekt den ut av et verneforslag. At Fylkesmannen ikke såg på fossen som et viktig verneobjekt, blir helt tydelig når han flytta grensa for vern i det området som der tross alt var lauvskog, men på samme tid opprettholdt grensa for vern av edellauvskog i nærmast rein bestand av fureskog. Eller var det hensynet til erstatning som talte ved flytting av grensa forbi fossen. Fylkesmannen sin vurdering framstår etter dette som lite truverdig.

Landskap og friluft

Utbygger er av den oppfatning at Fylkesmannen tar feil når en hevder at utbygginga er omfattende, med store naturinngrep. Viser her til Miljøfaglig vurdering som er av en helt annen konklusjon, og dei har brukt mye tid både på gjennomgang av området og etterarbeid.

Fylkesmannen foretok ikke synfaring av heile området, undertegnede var med Bord Ottesen på synfaring en regntung høstdag, når undertegna spurte om en ikke ønsket å sjå heile området var dette avvist som unødvendig, dette bærer Fylkesmannen sin vurdering og preg av.

Vegvesenet har bygd rasteplass med utsyn til fossen, men også til vatnet, mellom fjella og utsyn til Florø og helt til Kinn, Rasteplassen er stort sett mest brukt når fossen er liten / ikke er synlig etter som det som regel er regntungt når fossen er stor. Det er riktig at fossen blir redusert i

største delen av året, men at ved flaum vil fossen framstå som tilnærma normal sett fra vegen.

Regulering av Gulskarlivannet med 4 m og Kjørnesvannet med 2 m, her redegjorde undertegnede for Fylkesmannen om naturens egen regulering av Gulskarlivannet som er 1,5 m slik at "kunstig" omsøkt regulering blir 2,5 m. For Kjørnesvannet er naturens egen regulering 1,2 m slik at "kunstig" omsøkt regulering blir 0,8 m.

Fylkesmannen beskriver fossen som en turistfoss, det må være noe misvisende etter som fossen ikke er beskrevet i noe turistbrosjyre. Dette kan komme av at fossen ikke er vannførende en god del av året særlig om vinteren (normale vinter) der ser en kun noe is i fossen sitt område. Fossen er og tørr om sommeren i betydelig større grad en utløpet fra Kjørnesvannet skulle tilsei ettersom elva fra Kjørnesvannet renner i morene langs fjellet og deler av vannet fortsetter ned vestlig til området kaldt Øyrane ca midt på Haukåvannet.

Veg til Gulskarlivannet og Kjørnesvannet

Skogsvegen som går til Haukåstøyle vil bli forlenga ca 700 m uavhengig av vannkraft utbygging eller ikke, det må derfor være riktig å lage veg også på resten av traseen. Med veg kommer området til å bli benytta av turgåere langt mer en i dag, og en vil ta opp at beiting med husdyr i området, noe som ikke har vært brukt på ca 25 år. Å bygge omsøkt veg vil være miljømessig og samfunnsmessig riktig.

Fylkesmannen viser til NVE sine retningslinjer, der en foretar inngrep i sårbart høgfjell. Det omsøkte området er ikke høgfjell, etter som det er skog på nordsiden av vatna og bjørk i området sprer seg kraftig. En skal være klar over at deler av området er snaut på grunn av beiting av geiter. At Bård Ottesen fra fylkesmannen ikke såg at område var bevokst med lauvtre er utrolig, at han heller ikke har lest Miljøfaglig utredning er langt verre, på førstesiden der viser et bilde av Kjørnesvannet med ei "hytte" og ei frodig lauvtreli i bakgrunnen, dette var og i området der Fylkesmannen ville verne som edellauvskog.

Kraftline

I området som krafline må gå er det i dag ei lavspentline, om dette gjør at en får ei ekstra line, eller om en kan bruke samme pælene er ikke avklart. Området er for øvrig fullt av kraftline, 132 kV, 60 kV, 22 kV og lavspent i tillegg ser de ut for at 400 kV kommer til å passere over stølsvegen dersom ytre alternativ blir valgt. 60 kV lina er ikke i bruk pt. Men tenkt benytta som overføring av småkraft etter opplysninger fra SFE nett.

Natur og biologisk mangfold

Både i utredninga til Miljøfaglig Utredning og til fylkesmannen er det ment at det kan være Fossekall i tilknytning til elva fra Kjørnesvannet til fossen. Vi som bor på Haukå har aldri sett fossekall i området, det har heller ikke far til undertegnede som vart 92 år. Det vil ikke sei at vi kan garantere at det ikke kan ha vært Fossekall i området, men lite trolig.

Friluftområde

Området blir ikke mindre brukt med ei utbygging, dette er feil. Dersom vegen til Kjørnesvannet blir bygd, blir området mye mer brukt, det viser tilsvarende område der veger blir bygd i utmark kan her nevne skogsvegen til Haukåstølen og skogsvegen til Lillevatnet i Norddalen (ca 6 km lenger øst). Her var og turlaga sterk i mot veg, no er desse område langt mer brukt av turgåere.

For dei som ikke liker slike veger og "naturinngrep" er det svært store slike uberørte områder i Flora kommune.

Fiske

Det er mulig at regulering av vanna kan skape mindre mattilgang, en får håpe at det og skaper mindre tilgang på yngel slik at fiske kan bli bedre etter utbygging slik det er i området som Elkem Energi har utbygd. Det er ikke andre en grunneier som har fiskerett til vanna.

Støy

Det er riktig som det framgår at det er to hytter i området. Ved den eine er eierne døde og hytta går tilbake til grunneier. Den andre hytteeieren som er ca 450 m. fra planlagt stasjon har ikke klaga på noe av utbygginga, men en skal sjølsagt ta hensyn til støy.

Bilag 2.

Merknader som var sendt til Sogn og Fjordane turlag pr e-post den 21.11.07.

Svar fra Turlaget ved Alvar Melvær. Sjå under.

...

Når det er Gudmun Strømsnes som tilskriver dere er det fordi at eg har et oppdrag fra min sønn om å bistå han i arbeidet med søknad og eventuell bygging av kraftverk.

I deres brev av 20.09.2007 kom de fram flere feil og påstander som må betegnas som dårlig synsing. Vi var ikke tenkt å bry oss med å besvare deres udokumenterte påstander, men så kommer Fylkesmannen sin miljøavdeling og henviser til deres uttalelser, som om det skulle være riktige og kvalitetssikra.

Når leieren i turlaget bruker tid på å lage eit så langt høringsnotat hadde vi forventa at dette var objektiv og ikke berre løsaktige påstander. Vi oppmoder dere derfor på det sterkeste om at feil blir opprettet ved nytt brev til NVE og at Fylkesmannen får kopi.

Generelt

Dere skriver som om at klagen er vesentlig redusert på grunn av at Flora Turlag har to hytter på eiendommen, noe eg ikke kan sjå er riktig eller hensyn tatt.

Dersom Sogn og Fjordane turlag ønsker å klage står de helt fritt til det slik som andre.

Friluftområde

Merka rute, dere skriver i rapporten til Rådgivende Biologer, og videre frå toppen av Haukånipa til toppen av lia aust for Gulskarlivannet, vil ruta være i visuell konflikt med utbygginga.

For det første er det Miljøfaglig Utredning som har laget rapporten, og for det andre er det ikke rett at ruta i området er i visuell konflikt over heile den beskrevne strekningen. Det som er rett er at ruta delvis vil være i visuell kontakt med ei utbygginga. Har selv gått ruta etter å ha mottatt deres brev, det er kun i små område at en kan få visuell kontakt med ei utbygging. Og det er i området der turruta møter stien opp fra Haukåstølen og fram til Gulskarlivannet at dette er synlig. Min påstand er at det heller ikke blir synlig at Kjørnesvannet blir regulert 0,8 m, ut over naturens egen regulering.

Dere snakker om uberørte landskapsrom, natur av høgfjell mm. Dersom dere har lest rapporten og sett bilde på førstesida av Miljøfaglig Utredning ser dere ei fiskebu med ei grønn bjørkeli i bakgrunnen, mulig at dette er høgfjell, eller har noen bommet her også.

Området er mye bruk

Dette er en synsing, området er brukt av en del personer det er stort setts dei same personer

som bruker området både vår, sommer og høst. Familie med barn går til Stølstjørna eller til Haukåstølen, meda andre går lengre.

Dere skriver videre, vi er kjent med at området er en del brukt av skuleklasser. Det er riktig at etter at stølsvegen kom har her noen år vært skuleklasser, etter det vi kjenner til har de vært 4 i løpet av dei siste 24 år, som det er siden vegen til stølen vart bygd, mulig det har vært flere en 4 skuleklasser.

Dersom en får utbygging og her kommer veg til Gulskarlivannet blir området min 3 ganger så meget bruk. Området kommer til å få en auka bruk også om vinteren, og terrenget mellom Magnhildskaret og Tjernesvannet som er et svært fint skiområde blir mer tilgjengelig.

Reiseliv

Rasteplassen som ligger rett ovenfor fossen er noe brukt enten det er vann i fossen eller ikke. Dersom turlaget har stoppa på rasteplassen ville ei sett at naturen med vannet, fjell og utsikt ut i Flora sin skjærgård gir et fint bilde, særlig ved solnedgang. Fossen er og fin ved store vannmengde. Eg reagerer på at dere kun fokuserer på negative ting og at deres henvisninger ikke er rette. Dere hentyder også til at jaktguiding skal gi like meget i netto som denne kraftutbygginga vil gi, dette er hinsides all fornuft, og området blir like attraktivt til jakt etter ei utbygging.

Fisk

Fakta om fisk. Det var Lars Haukå som bar opp fisk i Kjørnesvannet og Gulskarlivannet for ca 80 år siden. Det er fortalt at det var fin fisk i vanna en del år etter at fisk vart utsett, siden har det vært mindre. Båten som var i vannet har ikkje vært for fiske, men for at brødrene Kleiven (Jakob, Aksel og Olav) skulle bygge hytte i bjørkelia øst for vannet, båt og grunnmur for naust kom på plass, lenger kom ikke den hytta.

Eg kommer ikke til å kommentere deres andre "faglige" utsagn. Saken er at dere er dønn uredelige i deres framstillinger og kommer med feil påstander noe som dere bør holde dere for gode til.

Eg ser ingen positive eller objektive kommentarer som beskriver vassdraget i Haukå med dei reguleringer som er i området. Og som dagens utbygging berre vil bli ein parentes av.

Saken er at garden Haukå er avhengig av inntekt for å eksistere som gardsbruk og kunne vedlikeholde noe av sitt naturlandskap.

Den største fare for turister og turgåere er nedleggelse av gardsbruk, noe som medfører mindre beiting og gjengroing av store område.

Dere tar heller ikke med at eg opplyste deg pr telefon at vi kommer til å bygge gangbru over elva ved Gulskarlivannet slik at det blir bedre framkomst for turgåere, og at reguleringene av vanna må fratrekkes naturens egen regulering.

Eg har rett når eg seier at bruken av område kommer til å tredoble seg med vei, vegen blir ikke tilgjengelig for kjøretøy for andre enn grunneier, men gir unik mulighet for familieturer til et fint område selv etter utbygging. En veg opner og for muligheter til å ta opp at beiting i området som vår driftsform på garden ikke har benytta dei siste 25 år.

Vi har vært ærlige i vår framstilling av område og har ikke prøvd å påvirket dei som er innleidet med faglig utredninger. Dere bør gjerne lese den faglig utredning en gang til.

Når dere nå tar fatt på å rette deres feil bør dere gi et overslag over området med urørt natur som er mellom Botnane og Ålfotbren og kor mange som bruker området.

Til sist vil eg oppmode deg til å være nøktern og framstille saka på en riktig måte dette styrker dere som organisasjon, og folk får tillit til dere."

Justerte planer

NVE har mottatt to e-poster fra Helge Flæte i Norconsult, som er søkers konsulent. E-postene ble sendt 30.9 og 5.10.2008, i etterkant av at representanter fra NVE, Flora kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane Turlag, Flora Turlag og Naturvernforbundet deltok på sluttbefaring med søker Gudmund Strømsnes. Av korrespondansen fremgår det at Haukå Kraft AS vil gjøre følgende endringer:

1. Frafaller overføring av Stølsbekken til Tjernesvatnet
2. Frafaller regulering av Gulskardlivatnet
3. Foreslår å øke minstevannføringen fra Tjernesvatnet til 75 l/s i sommersesongen

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

